



NAUSTDAL KOMMUNE

RÅDMANNEN

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar:
Per-Kristian Langlie

Telefon:
57 81 61 30

Vår ref.
PKL/14/435-143/K1-232
Dykkar ref.

Dato:
18.09.2015

Høyringsvar - Endringar i eigedomsskatt

Naustdal kommune vurderer at det gjennom rettspraksis og frå lovgjevar er slått fast at integrerte maskinar og tilhøyre er ein del av fast eigedom, uavhengig om eigedommen er kategorisert som verk og bruk eller ikkje. Det er derfor ikkje grunn til å hevde at ulike eigedommar vert handsama ulikt i taksering i høve eigedomsskatt.


Inntektene kommunane får frå eigedomsskatt frå slike anlegg, er ofte svært avgjerande for at kommunane legg til rette for og gjev samtykke til etablering av slike anlegg. I slike saker er det avgjerande at det vert liggande igjen inntekter i kommunen og det lokale fellesskapet. Kommunen gjev frå seg råderetten over verdfulle naturressursar til anlegg, med til dels store inngrep i naturen. Kommunen må i slike saker vurdere inngrep i naturen og andre negative konsekvensar opp mot fordelane inngrepa gjev lokalsamfunnet, storsamfunnet og almenne interesser. Det er openbert at endring i regelverk som ikkje gjev kommunane inntekt frå slik anlegg, vil føre til vesentleg vanskelegare etablering av anlegg for utbyggerane. Vi trur at redusert eigedomsskatt vil gjer det vanskeleg å nå målsetting om vekst innan fornybare energi, mineralutvinning mv.

Naustdal kommune ber om;

- At regjeringa leggje bort forslaget om at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for eigedomsskatt.
- At «Verk og bruk» må framleis vere eigen kategori i eigedomsskattelova, jfr eigedomsskattelova §§ 3 og 4.

Naustdal kommune sluttar seg elles til høyringsuttale frå «Landssammenslutninga av Vasskraftkommunar» av 31.08.15.

Med helsing



Håkon Myrvang
Ordførar